

kultur

Telefon 70 08 44 00 • redaksjon@vestlandsnytt.no • **westlandsnytt.no**

Satsar på jazz-kaféstemning

Fredag 17. januar blir Madelynn Coffee i Fosnavåg forvandla til ei intim jazzbule, når trompetist og vokalist Vegard Holum og medmusikantar inviterer til ein hyllest av legendariske Chet Baker.

Holum, som sjølv er frå Fosnavåg, har musikkbakgrunn frå både Universitetet i Agder og Noregs musikkhøgskole. No vil han spele og syngje dei vakre, melodiøse jazzklassikarane som gjorde Baker til ein heilt spesiell skikkelse i musikkhistoria.

– Chet Baker er eitt av mine store førebilete. Han prøvde aldri å im-

- Oppsummerer fjaråret for både kinoen og konserthuset:

Slik var besøkstala – og det

Trass i at 2024 baud på ein merkbar nedgang i besøket hjå Fosnavåg kino, ser kinosjef og arrangementssleiar positivt på både fjaråret og det nye.

BJØRNAR TORVHOLM SÆVIK
bjornar@vestlandsnytt.no

For Fosnavåg kino var 2024 eit år der besøkstala gjekk ned samanlikna med 2023, men likevel kom ein opp i over 11 800 selde billettar i løpet av året. Dette er ein reduksjon på om lag 25 prosent samanlikna med året før, då kinoen selde om lag 15 800 billettar. Nedgang i talet på filmframstillingar (frå 901 i 2023 til 682 i 2024) var òg med å påverke besøket, men ifølgje kinosjef Petter Ole Wolden Kopperstad er det viktig å halde fast på dei positive signala:

– Vi endra drifta noko i 2024 for å spare pengar, og det innebar færre visningar og mindre bruk av ekstrahjelper. At vi likevel endar opp med i snitt kring 1000 besøkjande i månaden, er ganske bra. Eg er i alle fall nøgd med at så mange nyttar dette viktige tilbodet.

Omsetninga gjekk ned med 16 prosent, og spesielt desember i 2024 merka ein kraftigare knekk samanlikna med desember i 2023. Grunnen til dette kan delvis sporast til filmutvalet, der nokre av dei store publikumstrekkjarane mangla og/eller ikkje fekk same gjennomslaget som tidlegare år. Samstundes peikar Kopperstad på at desse tala ikkje er unike for Herøy:

– Besøksnedgangen er merkbar over heile landet. Kinobransjen slit framleis med etterverknadar av pandemien og den seinare Hollywood-streiken. Mykje av filmproduksjonen vart forseinka, og folk sine medievanar er i endring. Likevel er kino framleis det mest besøkte kulturtilbodet i Noreg, og nasjonale prognosar tyder på at 2025 vil bli eit betre filmår.

Ifølgje eit notat frå Film & Kino og administrerande direktør Espen Lundberg Pedersen,



Kinosjef og arrangementssleiar Petter Ole Wolden Kopperstad. FOTO: BJØRNAR TORVHOLM SÆVIK

er forventninga at kinobesøket på landsbasis kan auke med rundt 25 prosent i 2025. Det er fleire store Hollywood-produksjonar – i tillegg til nye norske filmar – som ventar premiere i det komande året.

Jubileumsår og stor spennvidd i filmutvalet

Eit breitt og variert filmtilbod prega 2024 på Fosnavåg kino. Mellom dei mest sette filmane finn vi animasjonsfavorittane Innsiden Ut 2 og Grusomme Meg 4, i tillegg til nyhende som Deadpool & Wolverine og familien Supernissen. At talet

på visningar gjekk ned i høve tidlegare år, hindra ikkje publikum frå å få eit godt utval av både norske og internasjonale titlar. Til dømes fekk barnefamiliane med seg Bukkene Bruse på badeland og Vaiana 2.

– Vi ser at publikum er glade i både store Hollywood-filmar og norske filmar, fortel Kopperstad.

Også kinoen var med på 10-årsmerkinga og kinojubileet i Fosnavåg trakk ekstra merksem. Bygdefolket fekk oppleve gode tilstellingar i samband med markeringane, og Kopperstad trekkjer fram kom-

binasjonen av storfilmar og lokale hendingar som noko av nøkkelen for å halde publikum engasjert året gjennom.

Festsesong og musikalsk mangfold i konserthuset

Besøkstala for Fosnavåg konserthus var noko liknande kinoen, men med mange høgdepunkt. I 2024 var dei tilsette involverte i heile 75 arrangement, med totalt 12 400 besøkande. Alt frå humor, teater og konsertar stod på menyen, og Kopperstad er tydeleg på at det var mange store opplevingar for publikum:

– Vi vil heller ikkje gløyme at hausten vart ekstra travel med eit sterkt program, og at mange la merke til nettopp det, seier Kopperstad.

– Folk kjem ofte bort og seier «For eit program de har hatt i haust!». Det var verkeleg ein hektisk, men fantastisk periode med mykje variert kultur. Då 10-årsjubileet roa seg etter november, kom julesesongen og sette sitt preg på konsertprogrammet.

Aller siste arrangement i 2024 var teaterstykket Tonje Glimmerdal, og det vart ein suksess der kvar stol i salen var okku-